



ÅRSPLAN 2021-2022

EIDSBYGDA BARNEHAGE



SAMARBEIDSVILLIG - **E**KTE - **R**AUS

Adresser:

Post: Nordvikvegen 277, 6350 Eidsbygda

E-post: eidsbygda@rauma.kommune.no

Nettside: <https://www.rauma.kommune.no/tjenester/barnehage/finn-barnehage/eidsbygda-barnehage/>

Mobil: 90 25 48 83 Styrer:



Eidsbygda - Romsdal

Innhald	
Eidsbygda barnehage	3
Brukartilbodet	4
Opningstida:	4
PERSONALET	4
Verdigrunnlaget til barnehagen	5
Samfunnsmandatet	5
Barnehagen skal	5
Styringsdokument:	5
Ansvar og roller	6
Formålet med, og innholdet i barnehagen.....	7
Vår visjon:	7
AKTIVITETSPLAN SOM FAVNER OM LEIK.....	8
AKTIVITETSPLAN SOM FAVNER OM VENNSKAP.....	10
AKTIVITETSPLAN SOM FAVNER OM NATUR OG FRILUFTSLIV	11
Barns medverknad.....	13
Samarbeid mellom heim og barnehage	13
Foreldresamtalar	13
Foreldremøte.....	13
Foreldreråd og samarbeidsutval	13
SU 2021-2022:	13
BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL ALLE FORELDRE	14
Overganger	15
Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	15
Dagsrytme	15
Arbeidsmåtene til barnehagen.....	16
Fagområda til barnehagen	16
Progresjonsplan for dei sju fagområda	17
Kommunikasjon, språk og tekst	17
Kropp, bevegelse, mat og helse	18
Kunst, kultur og kreativitet.....	19
Natur, miljø og teknologi.....	19
Etikk, religion og filosofi	20
Nærmiljø og samfunn.....	21
Mengde, rom og form	21

Eidsbygda barnehage

Eidsbygda barnehage er ein kommunal barnehage med plass til barn frå 0-6år.

Lokala er lyse og trivelege med god plass for leik og aktivitetar både i små og større grupper. Vi vil i år bruke garderoben ved hovudinngangen og to av opphaldsromma til leik for det meste. I tillegg vil vi bruke kjøkkenet til baking og matlaging, stellerom og toalett, personalavdeling + egen gymsal som ligg til disposisjon i bygget.

Vi har mange fine uteplassar i nærområdet:

- Leikeplassen med klatrestativ, sykkelbane, sandkasser, rutsje, vipper og huskestativ.
- Utanfor gjerdet har vi ei stor mark der vi kan leike, gå på ski og renne på akebrett om vinteren.
- "Gapahuken" har nyleg fått ny gapahuk/hytte og vi har også fått ny grillpanne 😊 Området er fint for leik og utforsking; stubbar, steinar, tau, huste og hengekøyer av fiskegarn til å klatre i.
- «Hakkebakkeskogen» med fine leike og gøymeplassar heilt i nærleiken
- «Hyggå» grillhus rett ved barnehagen er ein veldig kjekk samlingsplass, og veldig godt egna til samlingar rundt ei bok, songstunder, matlaging og fine samtalar rundt bålet.
- Ballbingen er også ein kjempefin arena for fysisk aktivitet, leik og læring. Eit skjerma område som skaper oversikt og tryggleik for store og små.
- I fjøra på Eide har vi steinbord med grue og benkar rundt. Her er det fint å raste, lage mat og gå på skattejakt etter mykje spanande.
- Lerkeskogen, ved sjøen og elva. Innbyr til mykje boltreleik, klatring i tre og god fantasileik på eit ujamnt underlag.
- Trollskogen – ein litt mørk og spennande granskog i passe gå-avstand
- Lengre turar til Oravatnet, Hælberget, Nordvika og Haukebergskogen.



I år blir vi berre 10 barn i alt, så mykje av dagen er vi saman, men for å skjerme barna sin leik vil vi også dele gruppa inn både etter alder og på tvers av alder. Av og til ser vi an barna sin leik og naturlege deling, andre gonger deler vi dei i grupper. Vi har namn på dei ulike aldersgruppene som barna også deles inn i av og til – i år er det desse: 4 Rever(2017), 3 Ekorn (2018) og 3 Marihøner (2019/2020).

Brukartilbodet

Inntil 9 timar kvar dag i 3-5 dagar pr. veke.

Reglar for bruk av barnehageplass er beskrive i "Vedtakter for barnehagane i Rauma", kommunestyresak 85/2014

<https://www.rauma.kommune.no/tjenester/barnehage/barnehagevedtekter/>

Opningstida:

Barnehagen er open måndag - fredag kl. 07.15 – 16.30.

Kjernetida i barnehagen er mellom 08.30 og 14.00. Då ønskjer vi at ungane er her for å kunne bli med på ulike aktivitetar. Hugs å gje beskjed viss levering/henting skjer innafor kjernetida, eller barnet ikkje kjem.

Planleggingsdagar 2021-2022:

9.august, 11.oktober, 3.januar og 27.mai. Den 5.planleggingsdagen er ikkje bestemt enda – varsel vil komme i god tid.

Sommarstengt barnehage 2022:

veke 28-30.

PERSONALET

Monica Dahle Skiri:	Styrar/Ped.leiar/spes.ped	40/20/20%
Ann Kristin Gyldenås-Sætrang:	Ped.leiar	80%
Wenche Sande:	Fagarbeidar	80%
Aud Helle:	Fagarbeidar	90%
Ingunn Dahle Haukeberg:	Fagarbeidar	50%

Endring frå 1.11.21: Ann Kristin G-S har sagt opp sin stilling

Wenche Sande	ped.leider disp.	80%
Randi Anita Hønsvik Eide	fagarbeidar	80%

Verdigrunnlaget til barnehagen

Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Årsplan skal utarbeidast på grunnlag av dette, saman med styringsdokument, brukarundersøkingar og evaluering av førre årsplan.

Fagleg ansvarleg for årsplan er styrar: Monica Dahle Skiri
Årsplanen vart fastsett i barnehagens FAU/SU den: 28.09.2021

Samfunnsmandatet

til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og å fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng. (Rammeplan 2017)

Å møte individet sitt behov og samtidig ta del i og medverke i fellesskapet er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen.

Barnehagen skal

- verne om eigenverdien til barndommen og ha barnets beste som grunnleggjande omsyn.
- fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta.
- fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt.
- fremje likeverd og likestilling
- fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.
- ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar
- sikre eit godt psykososialt barnehagemiljø ved å ha gode rutinar som avdekker mobbing. [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

Barnehagane i Rauma kommune har fire satsingsområde. Det er pedagogisk leiing, språk, tidleg innsats og sosial kompetanse.

Rauma kommune sine kjerneverdiar Samarbeidsvillig – Ekte – Raus, og kommunen sin visjon "Verdens beste kommune for naturglade mennesker" skal prege barnehagane våre.

Styringsdokument:

- Lov om barnehagar. [Barnehageloven](#)
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. [Rammeplan](#)
- Rauma kommune sitt budsjett og økonomi plan.
- Rauma kommune: «Plan for overgangene» - heim-barnehage-skole.
- Barnehagen sine vedtekter. <https://www.rauma.kommune.no/tjenester/barnehage/barnehagevedtekter/>
- SOL (Saman Om Lesing)
- Språkløyper – fokus på lesing for alle barn
- Rød tråd – tydeleg samanheng og samarbeid mellom ulike tenesteområde og tilbudsytar i Rauma kommune.
- VeRa prosjektet – LP-refleksjonsgruppemetoden

Ansvar og roller

Barnehageeigar og alle som arbeider i barnehagen, skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har.

Barnehageeigar har det overordna ansvar for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk og har det juridiske ansvaret for kvaliteten på barnehagetilbodet.

Pedagognorm og bemanningsnorm er frå aug 2018 lovfesta i forskrift og endring til barnehagelova §17 og §18.

Styrar er delegert det daglege ansvaret – pedagogisk, personalmessig og administrativt. Styrar har ansvar for å leie personalet slik at det blir kvalitet i det pedagogiske arbeidet.

Gode rutinar og samarbeid med tilsette, barnehageeigar, foreldreutval og samarbeidspartar som pedagogisk psykologisk teneste (ppt), barnevern, helsestasjon og skule er vesentlege oppgåver.

Pedagogiske leiar er gitt ansvaret å setje i verk og leie det pedagogiske arbeidet i tråd med godt fagleg skjønn og lovverket. Ansvar for planlegging, gjennomføring, dokumentasjon, vurdering og utvikling innanfor det området han/ho er sett til å leie.

Alle som arbeider i barnehagen er pålagt teieplikt og må skrive under på eit teiepliktsløfte i høve til informasjon om barna, føresette og personalet. Vidare må alle som arbeider i barnehage leggje fram politiattest før dei startar. Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep.



Formålet med, og innhaldet i barnehagen

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa

Rammeplan seier at alle barnehagar skal:

- ivareta barnas behov for omsorg
- ivareta barnas behov for lek
- fremje danning
- fremje læring
- fremje vennskap og fellesskap
- fremje kommunikasjon og språk

Vår visjon:

Med naturen og leiken som arena, skal vi tenne ein gnist til varig vennskap, vekst og glede

I Eidsbygda barnehage skal vi jobbe for at barn og vaksne skal ha ein felles kvardag der alle er Samarbeidsvillig, Ekte og Raus ovanfor kvarandre.

Vi bruker **naturen, leiken** og **vennskap** som aktive pådrivarar til å strekkje oss mot måla våre.

Vi famnar om friluftsliv, fysisk aktivitet, og tradisjonar med å hauste av og bruke naturen. Leikemiljø, felles opplevingar, leikens eigenverdi og ikkje minst vaksenrolla er vesentlege moment for å kunne lukkast når vi jobbar med leiken i barnehagen.

Og til slutt det aller viktigaste; venskapet. Her skaper vi saman gode vilkår for relasjonar, demokrati, følelsar og sosial kompetanse. Eit liv utan vener er fattig. Vi er ikkje så mange barn i barnehagen, så vi leitar etter gode venskap på tvers av alder og kjønn.

Desse måla vil vi strekkje oss mot gjennom ein praksis som vert beskrive vidare under. Vi set fokus på kvart enkelt fagområde i rammeplan og beskriv kort korleis vi vil dra desse områda inn i kvardagen vår. Periodiske delmål, meir detaljert informasjon og evalueringar av arbeidet vil komme på månadsplan og foreldrebrev utover i året.

Aktivitesplana er meint som ein idébank der vi finn aktivitetar knytt til fagområda i rammeplan for barnehagen.

AKTIVITETSPLAN SOM FAVNER OM LEIK

LEIK – barnehagen skal ivareta barna sitt behov for leik, leiken skal ha en sentral plass i barnehagen og lekens eigenverdi skal anerkjennast.

Fagområde: Kommunikasjon, språk og tekst		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
<p>Songleikar, bevegelse-songar, rim, regler og dramatisering. Kims leik. Snakkebilde/samtaler. Bruk av konkretar. SOL, <i>Språksprell</i>, <i>Språkløyper</i> Høgtlesing; eventyr og historier. Dikte historier. Leik med vitsar. Leik med bokstaver og ord. Tegn-til-tale.</p>	<p>Spel; brettspel og puslespel. Samspelsleik/ rolleleik/dramatisere. <i>Språksprell</i>. Mitt skip er lasta med. «Ta-på-øyra»-leik Den 3.pedagog; (rommet/materiale). Lese/snakke bøker Dikte saman med barna. IKT: skrive namnet/ bokstavar/ta bilde og skrive ut etterpå. Vise på storskjermen.</p>	<p>Rolleleik på tur/ fantasi Sangleiker Ordjakt Lotto Gøymeleik Lese bok – leke boken Tur i natur. IKT- ta bilde av ulike planter/insekt og finne dei på internett. Lytte til fuglelyder og sjå etter sporteikn.</p>
Fagområde: Kropp, bevegelse, mat og helse		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
<p>Lese/fortelje om kroppens anatomi, Bevegelse-songar/leiker Det er mitt val Røde og grønne tankar (psykososialt miljø) Salaby – psykososialt miljø</p>	<p>Gymsal – hinderløype/ leik med ball/ hermegåsa / sisten / ulike hoppe-/ springeaktiviteter. Mat – lage bursdagsmiddag og tilby variert kost som barna liker. Dans</p>	<p>Hinderløype Hermegåsa Ballspel/leikar Sunn mat på bål Klatre i trær Labyrint Sisten Sangleiker</p>
Fagområde: Kunst, kultur og kreativitet		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
<p>Sjå på ulike kunstverk Tradisjonar/merkedagar Årstider Song/vennesong/songleikar Dramatisere songar, rim og regler, eventyr og forteljingar.</p>	<p>Utforske ulike teknikkar og materiale. Lage ulike leikemiljø (den 3. pedagog). Verktøy og teknologi Ta bilde av deler av ein ting, gjette kva det er. Lage bokstaven sin / enkle ord i leire / plastilina. Klappeleikar. Presentere ulike kunstverk. Lage film/BookCreator</p>	<p>Kunst i natur, edderkoppnett, hytte Sandkasseleik – dyr, biler ol. Snøskulpturar Male på snø Ulike leikar: katt og mus, Kari og Knut, Per Sjuspring, Lage skulpturar. Paradis, boksen går Lage bilder/troll/figurer av naturmaterialer. Klappeleiker. Naturveg. Lage skulpturar av rusk og rask La barna få ta bilde.</p>

Fagområde: Natur, miljø og teknologi		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Pedagogiskeopplegg; <i>Lillevik, Ugla, Blekkulf</i> - Bruke bøker og internett aktivt i utforsking av både natur, miljø og teknologi. Forsøk; snø blir vann, vann blir is,	Ta med naturmateriale og lage figurer o.l. Eksperiment Plastilina. Kvile Drivhus i plastpose Lage film/BookCreator av prosjekt vi held på med.	Gå på tur med natursti Gå etter oppmerket løype Snø-is-vatn Innsektfelle Lage av gjenbruk Lage naturdokker Lage film/BookCreator av turen.
Fagområde: Mengd, rom og form https://www.matematikkenteret.no/l%C3%A6ringsressurser/barnehage		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Størrelse Former Dato Leke butikk – pengar Matematiske samanhengar Samanlikne Butikk Dikt på ark med ulike farger og former	Ulike spill Butikk Teikne på ulike størrelsar papir Leke/eksperimentere med tall, mengde Plastilina Lage rom i rommet Sortering Lage utvikling av ulike vekstar; potet, gulrot, blomster, tre... Tella - appen	Gi barna oppgåve som å hente 4 steinar, 5 gule blomster, en rød ting osv. Rør, vatn, ulike mål/rom/mengde Bøtter – ulik størrelse Bruke kroppen for å utvikle romforståing Sortere ulike former Butikk Naturmateriale
Fagområde: Etikk, religion og filosofi		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Markere høgtider Snakkebilde – om tema vi har om, filosofere, fabulere Grøne/raude tankar Fortellingar Komme med utsegn som barna må tenke i lag om	Historier – snakke om bilder. Den gode samtalen. <i>Det er mitt val</i> "Leikar" som får barna til å tenkje	Filosofere, fantasere om kva vi har lest om. Leike det vi har sett eller lest. Naturvern.
Fagområde: Nærmiljø og samfunn		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Lage kart Lage hus med ulike rom, oppe/nede osv.	Lage kart Lage hus Lage ulike miljø – 3D - pappmasje	Sykkeltur Grøftetur Helberget – fugleperspektiv Turdag kvar veke

AKTIVITETSPLAN SOM FAVNER OM VENNSKAP

VENNSKAP – barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne.

Fagområde: Kommunikasjon, språk og tekst		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Bruke www.salaby.no - Røde og grønne tankar / ulike aktivitetar på pc. Dramatisere korleis gode venner er mot kvarandre Alle må oppleve å vere like viktige Dramatisere med konkretar Fortelling om vennskap	Bevisstgjere Rolleleik. Kjenne på å vere en god venn Fortelje eventyr og lese bøker om vennskap – samtale	Hjelpe kvarandre med å bygge noko saman Gøymeleik
Fagområde: Kropp, bevegelse, mat og helse		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Samtale om / bruke internett / sjå film om det å vere en god venn. Lage dans saman Rørsleleikar /songar Rytme-orkester	Leik i gymsal Matlaging – grupper fokus på å hjelpe Fokus på det psykososiale miljøet - det å vere god.	Mat i natur – alle bidrar Aktivitetssløype – alle gjennomføre, hjelpe kvarandre
Fagområde: Kunst, kultur og kreativitet		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Lage noko saman Sangleik/ samarbeidsleik Fortelje/filosofere/sjå på kunstverk	Fellesbilete Lage plakat til Hjort-Rev-Ekorn	Lage hytter i skogen, leikmiljø som gjev grobotn for samspel der alle er med.
Fagområde: Natur, miljø og teknologi		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Lese bøker, kjenne på, undre oss over. Songar om dyr, fuglar, frukt, bær, årstider.. Lillevik – sjølivsdagar	Lillevik Fellesprosjekt: Teste ut ulike teknikkar i ulike formingsaktivitetar; bruk av ulike perler/knappar, pappmasjé, klippe/ rive papir, male med fingrane/pensel/ svamp/pinne/stoff/ garn..	Fellesopplevingar og undringar ute i nærmiljøet. Undre oss over ulike fenomen ilag
Fagområde: Mengd, rom og form		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
www.salaby.no Bokstavhus – loft, kjeller,1.etg. Dagen i dag, lese, synge,	Lage kart Hus med gruppa sine bokstaver	Leike med naturmateriale Sortere – samarbeid. Form- og fargejakt – hjelpe kvarandre.

Fagområde: Etikk, religion og filosofi		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
www.salaby.no Følelsar – korleis ser det ut når vi er sint, sur.. Undre oss saman med barna over ulike vennskap	Ulike aktivitetar inne på www.salaby.no Røde og grønne tanker. Ulike vennskap Lekegrupper	Fokus på at alle får bli med om dei vil. Blimed-dansen. Songleik, sisten, “Alle mine duer”, Hermegåsa.. Snakke fint til, og vise omsorg for kvarandre. Lekegrupper / turgrupper.
Fagområde: Nærmiljø og samfunn		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Kvar bur vi? Adresse, namn på vegar, bygda, plassen der vi bor – kan vi dra på besøk, leike ilag	Kart over nærmiljøet Fellesprosjekt – kommunen vår / bygda mi Samarbeid	Sjå oss rundt i nærmiljøet, ulike perspektiv, avstand Dra på besøk til nokre av barna / dei vaksne i bhg.

AKTIVITETSPLAN SOM FAVNER OM NATUR OG FRILUFTSLIV

NATUR OG FRILUFTSLIV – arena for leik og læring der borna kan utvikle naturglede, nysgjerrigheit, forståing for naturens mangfald, eigenart og behov for å vareta han for å bidra til berekraftig utvikling

Fagområde: Kommunikasjon, språk og tekst		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Ha med bok på tur. Tursong. Samtale om allemannsretten.	Lage bokstaver av naturmateriale Dikte om turane/naturen. Dagens fotograf/forteljing:	Øve på og ta imot beskjeder – utføre på eiga hand. Naturlotto. Dramatisere ulike eventyr. Lage bokstavar/namn ved bruk av det vi finn av naturmateriale.
Fagområde: Kropp, bevegelse, mat og helse		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
«Grønsakspise-songen» «Hovud-skulder-kne og tå»	Lage grønnsaksuppe. Kvile etter tur/sjå på skyene. Kjenne at vi er slitne og får ny energi	Dyrke og hauste grønnsaker Plukke bær Plukke eple og lage eplemost Ski, sykling, balleik, klatre, springe, bli bevisst på aktivitet og pause
Fagområde: Kunst, kultur og kreativitet		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Sjå på og samtale om ulik kunst. Kunst i natur – kva er det?	Ta inn naturmateriell for å stimulere barna sin kreativitet.	Bygge og leike med det vi finn i naturen. Naturveg. Snøskulpturar

	Lage årtidsmiljø med hjelp av naturmateriale Lage naturmiljø av naturmateriale vi finn ute og av ulike formingsmateriale	
Fagområde: Natur, miljø og teknologi		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Ferdige opplegg med fokus på berekraft og naturvern - Ugla, Revar, Allemannsretten - "sporløs ferdse". Bruke bøker og pc aktivt for å vise ulike friluftsupplevingar. Ulik natur i nærrområde og Norge.	Så i poser for å henge i vinduet – følgje med på kor det veks. Lage makkhus. Sette løk og så ulike frø, m.a. frå frukt. Hauste frø ute og så dei til våren. Lage tidslinje av årstider.	Finne/sjå på ulike insekt/ krypdyr – sjå om vi finn dei i bøker/internett. Søke informasjon om dei ulike insekta/ krypdyra og studere dei nærare. Utføre ulike prosjekt etter inspirasjon frå: Kråkeklubben Kråkeklubben Planetpatruljen Planetpatruljen
Fagområde: Mengd, rom og form		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Telje, bruke konkretar frå naturen, bilete frå naturen Sjå på former og mønster i naturen	Bruke konkretar, spele spel, telje, sortere, plassering. Lage kulisser til ulike naturmiljø	Butikk i skogen Formjakt Naturlotto, naturbingo
Fagområde: Etikk, religion og filosofi		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Samtale om korleis vi skal ta vare på naturen, bruke Ugla som sender brev – allemannsretten. Studere/leike med "konkretar" vi finn i skogen.	FORUT-prosjektet. Tradisjonar og aktivitetar knyt til høgtidene.	Filosofere/samtale om naturens mangfald når vi er i den. Naturvern – Ugla.
Fagområde: Nærmiljø og samfunn		
Samling	Inneaktivitet	Uteaktivitet
Vise fram kart. Samtale om kvar vi kjem ifrå/om dei ulike bygdene.	Bruke internett for å navigere i kart. Lage nærrområde-kart, skrive ut bilde frå turane våre og feste på kartet.	Turar til ute plassane våre, skog og fjøre Ta bilde på tur,

Barns medverknad

Barnehagen skal være bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

Det er viktig at borna ikkje får meir ansvar enn dei er rusta til å ta, men også kjenne at dei blir utfordra og får hjelp og støtte av vaksne når dei prøvar å formidle og forstå.

Samarbeid mellom heim og barnehage

Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeid og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, gruppenivå og gjennom foreldreråd og samarbeidsutval.

Foreldresamtalar: to i året – på hausten ein obligatorisk som alle blir kalla inn til, på våren ein obligatorisk for Hjortane, frivillig for dei andre barna. Er det nokon som ønskjer samtale utanom dette er det berre å ta kontakt.

Foreldremøte: to i året – haust og vår. Her kan foreldre gjerne komme med innspel på tema, saker og gje informasjon som er relevant og viktig for dei andre i foreldregruppa.

Foreldreråd og samarbeidsutval

For å sikre samarbeidet med barnas heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna og skal fremme deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan einast foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.

Samarbeidsutvalet skal vere et rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagens eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene.

Barnehageeigaren skal sørge for at saker av viktigheit forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

SU 2021-2022:

Ingrid Haukeberg, Linda Rydjord, Wenche Sande og Ingunn D. Haukeberg.
Monica D. Skiri (sekr.)

BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL ALLE FORELDRE



Overganger

Vi har i samarbeid med foreldre fokus på overganger og brukar Rauma kommune si «Plan for overgangane» sist revidert oktober 2017. Vi jobbar for å sikre trygge og gode overganger og for å styrke samanhengen i opplæringa heilt frå barnet startar i barnehagen, ved bytte av avdeling eller barnehage og over i skulen.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der det meste er godt planlagt, har mål og kan grunnleggjast ut ifrå eit pedagogisk perspektiv. Verksemda skal ut frå observasjon, dokumentasjon, kommunikasjon og refleksjon vurderast for å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Barn, foreldre og personale har alle rett til å medverke i planlegging og vurdering, og dette arbeidet skal gje utgangspunkt for vidare planer og gjennomføring av den pedagogiske verksemda.

Dagsrytme

er ei planlagt pedagogisk ramme der målet er å skape oversikt og struktur i kvardagen for barna og vaksne. Den legg til rette for ulike behov og gjev rom for lek, læring, kvile, omsorg og skaping av relasjonar.

07.15	Barnehagen opnar Barna kjem til barnehagen – velkomst/avskjed, fokus på å bygge gode relasjonar og ta imot enkle beskjedar.
08.00	Frukost – barna har med eiga matpakke, barnehagen serverer mjølk
	Kjernetida 09.00-14.00 – deling i små og større grupper, klubbar Leik inne og ute, turar, ulike aktivitetar, rydding/systematisering Samlingsstund, lesing, song, dagen i dag Dotrening/bleieskift/hygiene
11.00	Lunsj – matpakke, barnehagen serverer mjølk og frukt – til bursdagar og av og til elles serverer vi varm lunsj som barna er med å lage frå 1.11. starta vi opp att med smøremåltid også.
12.00	Kvile/søvn
	Leik og ulike aktivitetar ute eller inne, rydding
14.00	Ettermiddagsmat – matpakke – barnehagen serverer frukt og vann. Fra 1.11.21. har vi smurt mat fra bhg + frukt og vann.
	Barna blir henta litt etter litt, foreldra tek over ansvaret for barnet. Foreldra må vere sikker på at dei vaksne i barnehagen har registrert at barnet blir henta. Ta gjerne ein prat om korleis dagen har gått med personalet om det er rom for det. Hugs å rydde hyller.

Månadsplan og temaplan blir utarbeid med grunnlag i rammeplan og dagsrytme og tek inn dei ulike fagområda på ein tverrfagleg måte.

Arbeidsmåtene til barnehagen

Rammeplanen legg til grunn at det skal utarbeidast ein progresjonsplan som syner korleis det blir arbeidd med innhald og oppgåver knytt til dei sju fagområda.

Fagområda vil sjeldan opptre isolerte. Fleire område vil ofte vere representert samstundes i temaopplegg og i høve til kvardagsaktivitetar. Det er viktig å peike på at progresjon er ein prosess – resultat blir ikkje målt. Det er store individuelle forskjellar på når barn når milepelar og når dei er klare for ny læring. For oss i Eidsbygda barnehage er det viktig å motivere, lære og inspirere barna til å få nye erfaringar og ny kunnskap - til å meistre og tru på at dei kan! Arbeidet vårt vil, så langt det er mogleg, bli tilpassa det enkelte barn. Progresjonen skal følgje barnet.

Slik gjer vi det:

Fagområda blir knytt opp mot tema, årstider, tradisjonar, høgtider og barnas føresetnader. Barnehagen utarbeidar ei periodeplan, i tillegg til månadsplan, for å kvalitetssikre at alle fagområda blir representert.

Mange av fagområda skli oft inn i rutine og kvardagsaktivitetar. Det handlar om å vere bevisst som vaksen og ta tak i anledninga som byr seg i samspelet mellom barn og vaksne. I ulike aktivitetar og tema gjennom året dreg vi inn dei ulike fagområda i større og mindre grad ut i frå kva som er i fokus. Her blir det eit meir planlagt og målretta møte med dei ulike fagområda.

Tema kan vere gjennomgåande store deler av året, ein dag i veka eller i bolkar. Vi dreg oft inn fleire fagområda i kvart prosjekt og er i løpet av året innom alle.

Kor grundig og djupt vi går inn i dei enkelte områda vil variere ut frå alder, utviklingsnivå og interesse hos det enkelte barn og barnegruppa – målet er å få god kunnskap og erfaring med alle fagområda i løpet av barnehageåret. Det er viktig å legge vekt på barns medverknad, interesser og individuell tilpassing.

Fagområda til barnehagen

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, bevegelse, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Antall, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/fagomrader/>

Progresjonsplan for dei sju fagområda

Kommunikasjon, språk og tekst

All samhandling er kommunikasjon. Å utvikle språket, både verbalt og non-verbalt, er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Gjennom språket lærer barn å forstå verda, og dei får større innsikt i seg sjølv. Språket gir identitet og samkjensle. Kommunikasjon er avgjerande for den intellektuelle, emosjonelle og sosiale utviklinga. Dei vaksne er førebilete for barnas bruk av språk, og må derfor vere bevisste på korleis dei kommuniserer med barna.

1-2 år Ha erfaring med:	3-4 år Ha erfaring med:	5-6 år Ha erfaring med:
<p>Gruppetilhøyring</p> <p>Bruk av konkretar.</p> <p>Bøker; bli lest for, rim, regler, song, bilete...</p> <p>Samtaler; verbal/ nonverbal.</p> <p>Lytte.</p> <p>Å dele.</p> <p>Være oppmerksame på kroppsspråk.</p> <p>Teikn til tale.</p> <p>Leike, tøyse med språket</p> <p>Aktiv bruk av verktøyet «Tiltak Til Tras» som førebyggjande arbeid</p> <p>Bruke verktøya vi har tileigna oss i prosjektet «Språkløyper»</p>	<p>Gruppetilhøyring</p> <p>Bruk av konkretar.</p> <p>Bøker; bli lest for, eventyr, rim, regler, song, bilete...</p> <p>Samtale – undre seg/filosofere.</p> <p>Bruk av ordbilde og synleggjering av tekst på avdeling.</p> <p>Rollelek</p> <p>Lytte til lyd og rytme i språket.</p> <p>Å dele og samarbeide.</p> <p>Teikn til tale.</p> <p>Språksprell</p> <p>Aktiv bruk av verktøyet «Tiltak Til Tras» som førebyggjande arbeid</p> <p>Bruke verktøya vi har tileigna oss i prosjektet «Språkløyper»</p>	<p>Gruppetilhøyring</p> <p>Bruk av konkretar.</p> <p>Bøker; bli lest for, rim, eventyr, regler, song, bilete....</p> <p>Aktiv bruk av verktøyet «Tiltak Til Tras» som førebyggjande arbeid</p> <p>Aktivitetshäfte: Trampoline</p> <p>Sol: aktiv bruk av sol, som arbeidsreiskap, på gruppedeling og i samling</p> <p>Lage eigne tekstar samen med barna.</p> <p>Samtale – undre seg/filosofere.</p> <p>Bruk av ordbilde og synleggjering av tekst på avdeling.</p> <p>Rolleleik</p> <p>Regelleik</p> <p>Symbol, språk og tekst.</p> <p>Å dele, samarbeid og samhandling.</p> <p>Teikn til tale.</p> <p>Bruke verktøy vi har tileigna oss i prosjektet «Språkløyper»</p>

Kropp, bevegelse, mat og helse

Barn er kroppsleg aktive, og dei utrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Grunnleggjande motorisk utvikling og god helse blir utvikla i barnehagealder. Gjennom kroppsleg meistring utviklar barna ei positiv sjølvoppfatning og bevisstheit om kropp og helse. Barnehagen skal hjelpe til å innarbeide gode vanar og sunt kosthald.

1-2 år Ha erfaring med:	3-4 år Ha erfaring med:	5-6 år Ha erfaring med:
<p>Sunt og variert kosthald.</p> <p>Motoriske aktivitetar ute og inne, tilpassa alder. Gymsal</p> <p>Viktigheita av å sove/kvile, vaske hender, bytte bleier og gå på do.</p> <p>Kroppen min: Krabbe, klatre, åle, danse, hoppe...</p> <p>Barna får delta på kvardagsaktiviteter.</p> <p>Vi drar på turar i ulikt terreng, ver og føre.</p> <p>Klede etter vær.</p>	<p>Sunt og variert kosthald.</p> <p>Matlaging</p> <p>Motoriske aktivitetar ute og inne, tilpassa alder. Bruke gymsalen</p> <p>Viktigheita av å sove/kvile, vaske hender, bytte bleier og gå på do.</p> <p>Kroppen min: «Kven er eg» - jente/gut. «Eg kan» - springe, klatre, hoppe, danse, sykle, teikne, male, klippe...</p> <p>Barna får delta på kvardagsaktiviteter.</p> <p>Vi drar på turar i ulikt terreng, ver og føre</p> <p>Klede etter vær.</p> <p>Ulike årstider</p>	<p>Sunt og variert kosthald.</p> <p>Matlaging</p> <p>Motoriske aktivitetar ute og inne, tilpassa alder. Bruke gymsalen</p> <p>Viktigheita av å sove/kvile, og egen hygiene</p> <p>Kroppen min: «Kjønn» - Forskjellar og likskap på jente og gut. «Eg kan» - ballspel, songleikar, blyantgrep, klippe...</p> <p>Barna får delta på kvardagsaktiviteter.</p> <p>Vi drar på turar i ulikt terreng, ver og føre</p> <p>Klede etter vær.</p> <p>Ulike årstider</p>



Kunst, kultur og kreativitet

Kreative aktivitetar er ein del av kvardagen i barnehagen. Eit mangfald av kulturuttrykk vil gi barn verdifulle inntrykk og lære dei å uttrykke seg gjennom dei mange kulturelle uttrykksformene. Barnekulturen blir utvikla gjennom leiken og barnehagen sine oppgåver blir å utvikle, halde ved like og stimulere barna til nysgjerrigheit og forskartrong, så rikt og variert som mogleg. Kulturelle opplevingar og gjere eller skape noko felles, bidreg til samhøyrsløse.

1-2 år Ha erfaring med:	3-4 år Ha erfaring med:	5-6 år Ha erfaring med:
Song, dans, rim, regler og musikk.	Song, dans, rim, regler, instrument og musikk.	Song, dans, rim, regler, instrument og musikk:
Ulike formingsmateriell.	Ulike formingsmateriell: perler, kitt, måling, tekstil, papir...	Ulike formingsmateriell og teknikkar.
Dramatisering		Ulike typer teiknesaker.
Ulike typer teiknesaker.	Dramatisering.	Dramatisering.
Vi lagar ting til f.eks høgtider som jul og påske.	Ulike typer teiknesaker.	Barnekulturen: songleik, hoppe paradys, boksen går, hauk og due, haien kommer.
Griper fatt i det barna interesserer seg for.	Griper fatt i det barna interesserer seg for, barnekulturen.	Ulike kunstformer: form og bilde, bevegelse og drama, song og musikk.

Natur, miljø og teknologi

Naturen gir rom for et mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags ver. Friluftaktivitetar og uteleik er ein del av kvardagslivet i barnehagen. Nærmiljøet gir moglegheit for ulike erfaringar i høve til å lære om samspeil i naturen, og mellom mennesket og naturen. Barnehagen skal bidra til at barn får undre seg, eksperimentere, systematisere og samtale om fenomenen i den fysiske verda og vidare erfare korleis teknologi kan brukast i leiken og kvardagslivet.

1-2 år Ha erfaring med:	3-4 år Ha erfaring med:	5-6 år Ha erfaring med:
Vêr og årstider.	Vêr og årstider.	Vêr og årstider.
Å vere ute, gå på tur i nærområdet til barnehagen.	Å vere ute, gå på lengre turar. I skogen og nærmiljøet.	Å vere ute, gå på lengre turar. I skogen og nærmiljøet.
Ulike naturmateriale; vatn, sand, jord, stein, tre...	Ulike naturmateriale og teknikkar; vatn, sand, jord, stein, tre...	Ulike naturmateriale, teknikkar og forsøk; vatn, sand, jord, stein, tre...
Få kunnskap om samspelet i naturen – om planter og dyreliv. Så frø.	Samspelet i naturen: Om planter og dyreliv. Undre seg over endringar, så frø.	Samspelet i naturen: Om livsløpet til planter og dyr. Undre seg over endringar, så frø.
Vi tek bilete på tur og i barnehagen- bruker bileta saman med borna etterpå.	Kompostering Miljøvern Kjeldesortering	Kompostering Miljøvern Kjeldesortering
Lærer om vær og klede.	Digitale hjelpemiddel som fotoapparat, nettbrett og pc.	Digitale hjelpemiddel som fotoapparat, nettbrett og pc.

Etikk, religion og filosofi

Noreg er i dag eit fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal reflektere og respektere det mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som han skal ta med seg verdiar og tradisjonar i den kristne kulturarven. Barnehagen skal gi rom for undring og samtalar, og møte barna sine spørsmål med respekt.

1-2 år Ha erfaring med:	3-4 år Ha erfaring med:	5-6 år Ha erfaring med:
<p>Norsk tradisjonar; markere 17. mai, Fastelavn, Nissefest, markere Lucia.</p> <p>Kristne høgtider; Jul og påske.</p> <p>Vi lærer å vise omsyn og respekt for kvarandre.</p> <p>Vi undrar oss saman med borna.</p> <p>Vi snakkar om familiar og korleis vi er like og ulike, men samstundes like mykje verdt.</p> <p>Vi prøver å forhindre konflikhtar, og gjer vårt beste for å løyse dei om dei oppstår.</p>	<p>Norske tradisjonar; markere 17. mai, Fastelavn, Karneval, Nissefest, markere Lucia, Samefolkets dag...</p> <p>Norsk kultur; Samane - fleirkulturelt samfunn. Samtale og undring rundt norske tradisjonar og norsk kultur.</p> <p>Kristne høgtider; Jul, Påske og Pinse. Samtale og undring om den</p> <p>Konfliktløysing/demokrati</p> <p>Vi undrar oss saman med borna.</p> <p>Samtalar om «rett og galt»</p> <p>Bruke verktøyet «Det er mitt val» på avdelinga og i grupper</p>	<p>Norske tradisjonar; markere 17. mai, Fastelavn, Nissefest, markere Lucia, Samefolkets dag...</p> <p>Norsk kultur; Samane, eit fleirkulturelt samfunn. Samtale og undring rundt norske tradisjonar og norsk kultur. Norsk kulturhistorie.</p> <p>Kristne høgtider; Jul, Påske og Pinse. Samtale og undring rundt kvifor vi feirar Jul, Påske og Pinse, kyrkjebesøk</p> <p>Konfliktløysing/demokrati</p> <p>Vi undrar oss saman med borna.</p> <p>Samtalar om «rett og galt»</p> <p>Bruke verktøyet «Det er mitt val» på avdelinga og i grupper</p>



Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring. Han skal leggje vekt på å styrkje kunnskapen om og tilknytninga til lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur, arbeidslivet, tradisjonar og levesett. Gjennom barna si erfaring med medverknad i barnehagen får dei ein første kjennskap til demokratiske prinsipp. Slik blir tillit til eiga deltaking i og påverknad av fellesskapen utvikla. Barnehagen skal utvikle forståing for ulike tradisjonar og levesett. Det inneber mellom anna at vi blir kjent med at samane er urfolket i Noreg, og får kjennskap til samiske forteljingar, segn og andre delar av den samiske kulturen og det samiske kvardagslivet.

1-2 år Ha erfaring med:	3-4 år Ha erfaring med:	5-6 år Ha erfaring med:
Barnehagens nærmiljø og lokalsamfunn Korte turar, observere det som skjer rundt oss, være med på bua Samtalar om det vi ser og høyrer.	Barnehagens nærmiljø og lokalsamfunn. Litt lengre og korte turar, handle på bua, følgje med og undre seg over kva som skjer rundt oss, besøke arbeidsplassar, dyr osv Hus/heimar til barna og vaksne som bor i nærleiken Ulike levemåtar – bygd og by. Noregs urbefolkning – samane.	Barnehagens nærmiljø og lokalsamfunn. Litt lengre og korte turar, handle på bua, følgje med og undre seg over kva som skjer rundt oss, besøke arbeidsplassar, dyr osv Hus/heimar til barna og vaksne som bor i nærleiken Ulike levemåtar – bygd og by. Noregs urbefolkning – samane; samisk kultur og levesett. Val og konsekvensar

Mengde, rom og form

Leik er drivkrafta i all læring, også i utviklinga av barna si forståing for matematiske omgrep. Barna utforskar desse omgrepa i leiken, og leiken utvidar forståinga. I arbeidet med mengde, rom og form får barna erfaringar med klassifisering, ordning, sortering og samanlikning. Barnehagen skal leggje til rette for at barna har tilgang til og tek i bruk ulikt materiell som spel, teljemateriell, klossar, teknologi, etc.

1-2 år Ha erfaring med:	3-4 år Ha erfaring med:	5-6 år Ha erfaring med:
Mengde gjennom bruk av konkretar og omgrep. Rom gjennom bruk av konkretar Form gjennom bruk av konkretar. Rydding og sortering av bl.a. leiker. Bruk av rutine og kvardagsaktivitetar for å få erfaringar	Mengde gjennom bruk av konkretar, sortering og telleregler. Rom gjennom bruk av konkretar, stort/lite. Form gjennom bruk av konkretar, kitt, sortere, samanlikne. Bruk av rutinar og kvardagsaktivitetar for å få erfaringar	Mengde gjennom bruk av konkretar, sortere og telleregler, brettspel, tellemateriell. Rom gjennom bruk av konkretar, stort/lite, plassering, utsikt Form gjennom bruk av konkretar, kitt, sortere, samanlikne, klassifisere Bruk av rutinar og kvardagsaktivitetar for å få erfaringar